



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 24.11.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 18:00

Det er spørjetime i starten av møtet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H fom sak 150/22	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH fom sak 145/22	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem

Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Erlend Nævdal	UAVH	Settemedlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Roy Bø	H	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jostein Hellestveit
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Ståle Juvik Hauge
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Tormod Skurtveit
Jon Vidar Sakseide	KRF	Anne Karin Angelskår Eknes
Arne Johan Sæle	KRF	Stian Lavik
Sølvi Vatnøy	KRF	Malin Helene Andvik
Sean Røskeland	H	Henning Fyllingsnes
Fridtjof Kampevold	H tom sak 149/22	Christel Villanger Håland
Aasmund Karlsen	UAVH	Hege Nygård Dale
Kjell Ove Larsen	UAVH	Erlend Nævdal
Esben André Helland	FRP	Nina Stabell Øvreås
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Roy Bø
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Bernt Fjordheim-tenesteleiar, Eirik Bouwer Utne-tenesteleiar, Helge Kvam-fagansvarleg, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Kristin Nåmdal-tenesteleiar, Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Silje Andvik Hoas-avd.leiar, Siril Therese Sylta-tenesteleiar, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

Sakliste

Saknr	Tittel
138/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
139/22	Godkjenning av møteprotokoll
140/22	Melding frå kontrollutvalet
141/22	Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022
142/22	Revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar
143/22	Prioritering av søknader om spelemidlar 2023
144/22	Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak
145/22	Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug

- 146/22 Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule
- 147/22 Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune
- 148/22 Evaluering prøveordning - Kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
- 149/22 Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023
- 150/22 Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune
- 151/22 Kanal- og servicestrategi 2022-2026
- 152/22 Alversund - Tveiten kai, gbnr. 139/11 jfr. politisk sak 21/4865
- 153/22 Mogelege straumsparetiltak - kostnadsreduksjon
- 154/22 Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr, gebyrgrunnlag som er kobla til garasje
- 155/22 Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad
- 156/22 Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2024 - 2027
- 157/22 Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune-Framlegg til vedtak etter høyring og offentleg ettersyn
- 158/22 Melding/orientering til kommunestyret 24.11.2022
- 159/22 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.11.2022
- 160/22 Notat - busetting flyktingar

138/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Sak 142/22 og 143/22 vart handsama etter sak 145/22. Sak 160/22 vart handsama etter sak 157/22.

Notat - busetting flyktingar - frå meldingssaka vart sett opp som eiga sak, sak 160/22.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

KO- 138/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste med enringar er godkjent.

139/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

KO- 139/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

140/22: Melding frå kontrollutvalet
Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 24.11.2022:
Handsaming:
Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 140/22 Vedtak:
Meldinga er teke til orientering

141/22: Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:
Handsaming:
Saka er utsett til neste møte.

OKK- 058/22 Vedtak:
Saka er utsett til neste møte.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:
Handsaming:
Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 071/22 innstilling:
Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering.

Alver kommunestyre 24.11.2022:
Handsaming:
Orientering ved Leonie Thile, leiar og Isak Emil Solheim, nestleiar i ungdomsrådet.
Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 141/22 Vedtak:
Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering.

142/22: Revidering av retningslinjer for tildeling av ungdomsrådmidlar
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsråd 07.11.2022:
Handsaming:
Orientering i saka v/Robert Lorange Hansen og Leonie Sophie Thiele

UR- 043/22 uttale
Ungdomsrådet ynskjer å fremme følgjande endring, under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:
Inntil 7500,- per søknad
To eller fleire aktørar i samarbeid:
Inntil 20000,- per søknad.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**Handsaming:**

Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad.

Framlegg frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet ynskjer å fremje følgjande endring i retningslinjer under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:

Inntil 7500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 20000,- per søknad.

OKK slutta seg til framlegget frå ungdomsrådet.

Tilleggsframlegg frå OKK v/Christel V. Håland-H:

Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 070/22 Innstilling:

OKK sluttar seg til følgjande endring i retningslinjer for ungdomsrådet - under punkt 3/Støtte:

Ein aktør: Inntil 7.500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid: Inntil 20.000,- per søknad.

Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 142/22 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til følgjande endring i retningslinjer for ungdomsrådet - under punkt 3/Støtte:

Ein aktør: Inntil 7.500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid: Inntil 20.000,- per søknad.

Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

143/22: Prioritering av søknader om spelemidlar 2023**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidlar 2023 slik det ligg føre i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 068/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidlar 2023 slik det ligg føre i saka.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 143/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidlar 2023 slik det ligg føre i saka.

144/22: Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026.

Eldreråd 07.11.2022:

Handsaming:

Olav M. Steinsland sette fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.

Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.

Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidarearbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 044/22 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.

Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.

Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidare arbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 048/22 uttale:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.11.2022:

Handsaming:

UR- 041/22 uttale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:

Handsaming:

Laila Bjørge-Sp bad om vurdering av sin habilitet jf. ko.loven §11-10. Utvalet erklærte henne samrøystes som inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

Tilleggsframlegg frå Jostein Borlaug-AP:

Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 066/22 innstilling:

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026, med slik endring: Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Laila Bjørge og Alexander Helle stilte spørsmål om habilitet då dei har deltatt som saksbehandlarar i saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at dei er inhabile i denne saka, dei deltok difor ikkje under handsaming og vedtak.

Endringsframlegg frå J.Borlaug-AP:

Kartlagte ferdselsårer i Masfjordfjella/Fjonfjella tilhøyrande Alver kommune, som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 144/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026, med slik endring: Kartlagte ferdselsårer i Masfjordfjella/Fjonfjella tilhøyrande Alver kommune, som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

145/22: Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Oddbjørn Hindenes-rådgjevar bygg, areal og grønt
Ingen merknader, samrøystes

RMNF- 053/22 uttale:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.11.2022:**Handsaming:****UR- 040/22 uttale:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**Handsaming:****Spørsmål frå Anne Karin Eknes-Krf:**

1. Kva er kapasiteten på Meland Aktiv pr idag - meire korleis vil kapasiteten verte framover, Meland Aktiv.
2. Arealet på tomten - uteareal iff. krav evt. moglegheit til å kjøpe ekstra areal dersom det er behov for?
3. Er det "plasser" på Frekhaug, der desse skuleborna kan plasserast "trygt" i, under byggeprosessen?

4. Kva er tomtepris på areal som må kjøpast, ved Meland Aktiv/Langelandskogen, og pris inklusiv regulering?

5. Kostnad - utredning 2 eller 3? Meirpris?

Spørsmål frå Yngve Walaker-Frp:

1. Vurderer me 2. eller 3. alternativ må eksisterande tomt seljast.
2. Korleis er tidsaspektet ved dei ulike alternativa?

Spørsmål frå Anna Nordlund-SV:

1. Ynskjer ikkje ta vekk alternativ no i tilfelle det vert ståande utan nokon av dei til slutt.

Spørsmål frå utvalet vert vidaresendt til Formannskapet.

Framlegg frå Laila Bjørge-Sp:

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk). Til :Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Jostein Borlaug-Ap:

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingshall.

Framlegget vart samrøystes vedtek.

OKK- 067/22 uttale:

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for

lokalbefolkninga. (Sambruk). Til: Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingshall.

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Framlegg frå J.Borlaug-AP:

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer formannskapet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Framlegg frå N.M.Aadland-H og I.Fjeldsbø-H:

Område aust for Meland aktiv skal ikkje vurderast som aktuell tomt.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.M.Aadland-H, J.Borlaug-AP, N.Bognøy-AP, I.Fjeldsbø-H og A.Byrknes-KRF)

Tilleggsframlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

Plassering av ny ungdomsskule i Havnevegen 53 vert ikkje utgreidd vidare.

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke med endringar.

FO- 107/22 innstilling:

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023., med følgjande endringar/tillegg:

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer formannskapet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal

Plassering av ny ungdomsskule i Havnevegen 53 vert ikkje utgreidd vidare.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Endringsframlegg frå SP og uavh.ved L.Bjørge-SP:

Dagens plassering i Havnevegen vert utgreidd i konseptfasen saman med dei to andre alternativa.

Framlegget fekk 19 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.H.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, S.Sekkingstad-SP, S.Knudsen-SP, T.Helland-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV, H.Brevik-uav., K.O.Larsen-uavh., M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og S.Toff-V)

Nytt framlegg frå L.Bjørge-SP:

Endra pkt 2 i mandat for konseptfase

Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endra setning under pkt. 2

Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vera ein ressurs for lokalbefolkninga (sambruk)

TIL: Bygget skal vera ein ressurs for lokalbefolkninga (sambruk)

Framlegget vart vedteke med 25 røyster (H.Fyllingsnes-H, F.Kampevold-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, L.Johnsen-MDG, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.H.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, S.Sekkingstad-SP, S.Knudsen-SP, T.Helland-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV, Aa.Karlsen-uavh., H.Breivik-uavh., K.O.Larsen-uavh., M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og S.Toft-V)

Framlegg frå N.M.Aadland-H:

Område aust for Meland aktiv blir ikkje vurdert som aktuell tomt for ny ungdomsskule på Frekhaug.

Framlegget fekk 20 røyster og fall (A.G.Eide-AP, A.Sylta-AP, J.Borlaug-AP, K.Floen-AP, K.Nesse-AP, N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, M.Johansen-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, S.Røskeland-H, F.Kampevold-H, A.J.Sæle-KRF, A.Byrknes-KRF, J.Romarheim-KRF, J.V.Sakseide-KRF og S.Vatnøy-KRF)

Innstillinga frå formannskapet, med endringar, vart samrøystes vedteke.

KO- 145/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023., med følgjande endringar/tillegg:

Endra pkt 2 i mandat for konseptfase

Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endra setning under pkt. 2

Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vera ein ressurs for lokalbefolkninga (sambruk)

TIL: Bygget skal vera ein ressurs for lokalbefolkninga (sambruk)

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingsslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer formannskapet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal

Plassering av ny ungdomsskule i Havnevegen 53 vert ikkje utgreidd vidare.

146/22: Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

OKK- 069/22 uttale:

Saka vert teke til orientering

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 108/22 innstilling:

Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til

orientering.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 146/22 Vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

147/22: Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitetstenester
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 052/22 uttale:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.11.2022:

Handsaming:

Ingen orientering i saka

UR- 044/22 uttale:

Ungdomsrådet tek saka til orientering

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 045/22 uttale:

Utvalet kjem med følgjande innstilling i saka:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 109/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.

- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 147/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

148/22: Evaluering prøveordning - Kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner å forlengje prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

Eldreråd 07.11.2022:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlengja prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 045/22 uttale:

Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlengja prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Handsaming:

RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg, samrøystes.

RMNF- 050/22 uttale:

RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg.

Ungdomsråd 07.11.2022:

Handsaming:

Ingen orientering i saka

UR- 038/22 uttale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunaldirektøren sitt framlegg.

HO- 043/22 utfale:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg, jamfør søknadstal, vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

Alver formannskap 10.11.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 110/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 148/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

149/22: Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**Handsaming:**

Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte i saka.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 048/22 utfale:

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

Alver formannskap 10.11.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 111/22 innstilling:

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Tilleggsframlegg frå N.M.Aadland-H:

Tilbodet skal evaluerast etter eit års drift

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 149/22 Vedtak:

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

Tilbodet skal evaluerast etter eit års drift.

150/22: Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 051/22 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Handsaming:

Sølvi Knudsen-SP er fast møtande 1.varamedlem til styret i Gløde, og ho ba utvalet vurderer sin habilitet i denne saka. Utvalet konkluderte samrøystes med at Knudsen er habil, og ho deltok i handsaminga av saka.

Utvalseiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 044/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Det var stild spørsmål om habilitet frå representantane: Astrid Sylta, Anne Grete Eide, Sølvi Knudsen, Nils Marton Aadland og Kirsti Gjetle Floen som styremedlemmar KIM, Gløde og Aufera. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at dei er habil i denne saka.
Framlegg om å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå utval for helse og omsorg, med endring, vart samrøystes vedteke.

KO- 150/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg. Ordbruken i retningslinja vert endra frå aktivitetstiltak til oppgåve.

151/22: Kanal- og servicestrategi 2022-2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet og kommunestyret vedtar Kanal- og servicestrategi 2022-2026.

Alver formannskap 10.11.2022:**Handsaming**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 112/22 innstilling:

Formannskapet og kommunestyret vedtar Kanal- og servicestrategi 2022-2026.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 151/22 Vedtak:

Formannskapet og kommunestyret vedtar Kanal- og servicestrategi 2022-2026.

152/22: Alversund - Tveiten kai, gbnr. 139/11 jfr. politisk sak 21/4865**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren rår til at eigedommen vert vurdert avhenda etter at ny arealdel til kommuneplan er vedteke.

Alver formannskap 10.11.2022:**Handsaming:****Framlegg S. Sekkingstad-SP:**

Framtidig bruk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Vurderinga skal ta omsyn til ålmenta sin tilgang til kai og sjø, vegrettar i området og bruk av bygg.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med eiga sak om mogleg avhending etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 105/22 innstilling:

Framtidig bruk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Vurderinga skal ta omsyn til ålmenta sin tilgang til kai og sjø, vegrettar i området og bruk av bygg.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med eiga sak om mogleg avhending etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken.

Alver kommunestyre 24.11.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 152/22 innstilling:

Framtidig bruk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Vurderinga skal ta omsyn til ålmenta sin tilgang til kai og sjø, vegrettar i området og bruk av bygg.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med eiga sak om mogleg avhending etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken.

153/22: Mogelege straumsparetiltak - kostnadsreduksjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at følgjande tiltak blir gjennomført for å få ned straumforbruket og redusere kostnadene:

- Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibada blir stengt for resten av skuleåret (fram til ferien 2023).
- Lysanlegg ved idrettsanlegga blir slått av ein time tidlegare
- Veglys langs kommunale vegar blir slått av, med unntak for kommunesenteret i Knarvik og lokalsentra på Manger og Frekhaug

Tiltaka skal evaluerast innan juni 2023.»

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Framlegg N.Bognøy-AP:

Alternativt framlegg sak 114/22

Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibassenga vert ikkje stengt som ein del av straumsparetiltak.

Lysanlegg ved idrettsanlegga kan bli slått av ein time før den gjeldane avtalte tida som er praksis pr 9.11.22. Avslåing av lysanlegg må skje i samråd med Idrettsrådet. Uteområde/parkeringsplassar ved hallar vert slått av kl 22.15

Kommunestyret ber om sak på kva vegar og konsekvens, samanlikna med trafikkisikring og tryggleik som kan slåast av. Turvegar med lys kan slåast av i tidsrommet mellom kl 00.00 til 06.00 i den grad dei har døgnbelysning som fast ordning

Ø.Oddekallv ikke tilstades ved votering i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 114/22 innstilling:

Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibassenga vert ikkje stengt som ein del av straumsparetiltak.

Lysanlegg ved idrettsanlegga kan bli slått av ein time før den gjeldane avtalte tida som er praksis pr 9.11.22. Avslåing av lysanlegg må skje i samråd med Idrettsrådet. Uteområde/parkeringsplassar ved hallar vert slått av kl 22.15

Kommunestyret ber om sak på kva vegar og konsekvens, samanlikna med trafikkisikring og tryggleik som kan slåast av. Turvegar med lys kan slåast av i tidsrommet mellom kl 00.00 til 06.00 i den grad dei har døgnbelysning som fast ordning

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 153/22 Vedtak:

Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibassenga vert ikkje stengt som ein del av straumsparetiltak.

Lysanlegg ved idrettsanlegga kan bli slått av ein time før den gjeldane avtalte tida som er praksis pr 9.11.22. Avslåing av lysanlegg må skje i samråd med Idrettsrådet. Uteområde/parkeringsplassar ved hallar vert slått av kl 22.15

Kommunestyret ber om sak på kva vegar og konsekvens, samanlikna med trafikkisikring og tryggleik som kan slåast av. Turvegar med lys kan slåast av i tidsrommet mellom kl 00.00 til 06.00 i den grad dei har døgnbelysning som fast ordning

**154/22: Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr, gebyrgrunnlag som er kobla til garasje
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 01.11.2022. Endringa gjeld:

Endra § 1-6

.....

I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast inntil matrikkeldata ligg føre.

..... »

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 113/22 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 01.11.2022. Endringa gjeld:

Endra § 1-6

.....

I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast inntil matrikkeldata ligg føre.

..... »

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 154/22 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 01.11.2022. Endringa gjeld:

Endra § 1-6

.....

I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast inntil matrikkeldata ligg føre.

..... »

**155/22: Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad -
Mongstad**

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert ikkje teke til følgje.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Utval for areal, plan og miljø 07.09.2022:

Handsaming:

Utvalet var på 5 synfaringar i saka før møtet tok til.

Framlegg frå Sveinung Toff-V:

APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 108/22 Vedtak:

APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kari Veseth Kinden frå Vestland fylkeskommune (deltok via teams)

Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstvegar og tilkomstvegar til landbruket (ved gnr 118/1).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 136/22 innstilling:

APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstvegar og tilkomstvegar til landbruket (ved gnr 118/1).

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Laila Bjørge-SP stilte spørsmål om habilitet då ho har deltatt som saksbehandlar i denne saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil i denne saka. L.Bjørge deltok ikkje under handsaming av saka.

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Saken blir sendt tilbake til utval for areal, plan og miljø for ny vurdering

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 155/22 Vedtak:

Saken blir sendt tilbake til utval for areal, plan og miljø for ny vurdering

156/22: Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2024 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterar tilrådingane til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024 -2027 slik det er lagt fram i saka.

Alver formannskap 10.11.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå L.Johnsen-MDG:

Arbeidet med strategiplan for miljøløftprosjekt i Alver må prioriterast, starte opp og gjerast ferdig snarast.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.Øvreås-FRP, A.Byrknes-KRF, L.Johnsen-MDG, S.Knudsen-SP og M.Færø-uavh.)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 115/22 innstilling:

Alver kommune prioriterar tilrådingane til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024 -2027 slik det er lagt fram i saka.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Framlegg frå S.Toft-V, L.Johnsen-MDG og A.U.Nordlund-SV:

Arbeidet med strategiplan for miljøløftprosjekt i Alver må prioriterast, starte opp og gjerast ferdig snarast.

Framlegget vart vedteke med 39 røyster, mot 6 røyster (E.Helland-FRP, T.Øvretveit-FRP, Aa.Karsen-uavh., H.Brevik-uavh., K.O.Larsen-uavh. og M.Klementsens-uavh.)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 42 røyster, mot 3 røyster (Aa.Karsen-uavh., K.O.Larsen-uavh. og M.Klementsens-uavh.)

KO- 156/22 Vedtak:

Alver kommune prioriterar tilrådingane til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024 -2027 slik det er lagt fram i saka.

Arbeidet med strategiplan for miljøløftprosjekt i Alver må prioriterast, starte opp og gjerast ferdig snarast.

157/22: Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune-Framlegg til vedtak etter høyring og offentlig ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 vedtek kommunestyret planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver, med dei endringane som kjem fram i tabell 1, under kommunedirektøren si tilråding.

Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Sveinung Toft-V:

Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 138/22 innstilling:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 vedtek kommunestyret planprogrammet for

kommuneplanen sin arealdel for Alver, med dei endringane som kjem fram i tabell 1, under kommunedirektøren si tilråding. Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Framlegg endring A.Nordlund-SV, L.Johnsen-MDG og A.Helle-R:

Vi ønsker å opprettholde kommunedirektøren sin opprinnelige forslag:

Med bakgrunn i alle prosessane som skal gjennomførast, der fleire av dei har høg risiko for å påverke framdrifta, vil kommunestyret tilrå å endre på framdriftsplanen.

Arealdelen blir lagt fram til 1. gongs høyring i februar 2024

Framlegget fekk 3 røyster og fall (A.Nordlund-SV, L.Johnsen-MDG og A.Helle-R)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.

Framlegget vart vedteke med 42 røyster, mot 3 røyster (A.Nordlund-SV, L.Johnsen-MDG og A.Helle-R)

KO- 157/22 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 vedtek kommunestyret planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver, med dei endringane som kjem fram i tabell 1, under kommunedirektøren si tilråding.

Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.

158/22: Melding/orientering til kommunestyret 24.11.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 158/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

159/22: Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.11.2022

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Spørsmål:

1. Astrid Aa.Byrknes-KRF:

I sak 128/22 Festeavtale Lindåstunet vidare prosess, gjorde kommunestyret eit samrøystes vedtak. Det er gledeleg.

Våre to lokalaviser har fulgt opp denne saka, og det synes eg er viktig.

Avisa Nordhordland hadde ein artikkel etter møtet i kommunestyret 20.10.22 der også OVF var kontakta og kom med sine betraktningar og svar til journalisten. Der kom det fram at OVF etterlyste svar på eit brev dei hadde sendt Lindås kommune i 2016.

No stod det ikkje noko om kva innhaldet i brevet var, men eg som ordførar i Lindås i 2016 kan ikkje hugse å ha fått orientering om at OVF har forsøkt å kontakte kommunen, eller kvifor ikkje

brevet var svarta ut.

Spørsmål:

Kan ordførar finne ut kva OVF etterspør i brevet som er sendt kommunen, og kvifor har ikkje den gong Lindås kommune svarta på dette brevet?

Svar frå ordførar:

Kort om bakgrunnen:

Alver kommune, tidlegare Lindås kommune, fester av opplysningsvesenets fond gnr 108 bnr 1 festenummer 2, 4, 7, 42 og 49.

15. august 2014 varslet OVF (representert ved advokatfirmaet Harris) regulering av festenummer 49 (skole og idrettsplassen) i henhold til festekontrakt. I den forbindelse gikk kommunen v/eiendomsavdelingen i dialog med fondet for å søke å oppnå en minnelig løsning. Under forhandlingene ble også de øvrige festeavtalene diskutert, herunder festeavtalen for Lindåstunet (feste nr. 4).

Denne avtalen løper frem til 2051 og var ikke gjenstand for regulering før 1. juli 2027. Det var likevel noe kommunikasjon mellom partene når det gjaldt festenr. 4. Denne kommunikasjonen knyttet seg til muligheten for innløsning av tomten, endring av festeavtalen og mulig avvikling av festeforholdet. Det ble tidlig klart at dette ikke ville føre frem og forhandlingene rundt fnr. 4 kulminerte med et tilbud fra OVF i brev av 23. mai 2016, som ble avvist i kommunens svarbrev av 8. juli 2016.

Svar på spørsmålet:

OVF sitt brev av 23. mai 2016, var et tilbud til kommunen som omhandlet feste nr. 4 (Lindåstunet). Brevet ble besvart av kommunen den 8. juli 2016, hvor tilbudet ble avvist.

Det foreligger ingen brev fra OVF fra 2016, eller senere, som står ubesvart.

2. Astrid Aa.Byrknes-KRF:

Eg har høyrd at det er lekkasje i taket ved Ostertunet (raudt bygg)

Det er også ope, slik at det kjem kald trekk inn. Frå taket. Dette oppleves ikkje bra. For å hindre vatn på golvet er det satt bøtte under lekkasjen. Det kan oppstå væte på golvet som kan vere ei kjelde til bla fall.

Dette er ikkje noko lekkasje som har oppstått nyleg, den har vore der over tid er det blitt meg fortald.

Tidlegare så fekk FO orientering om taka på dei kommunale bygga. Det beli sagt det er viktig å tette lekkasjer og at taktettinga arbeidet skulle starte.

Mitt spørsmål er difor:

Når vil lekkasjen ved Ostertunet – raudt bygg bli ordna og tetta?

Svar frå ordførar:

Det er heilt klart viktig å tette lekkasjar så raskt som mogeleg. Drift- og vedlikehaldsavdelinga har arbeidd for å finne ut kvar lekkasjen er, kva som er årsak til lekkasjen og kva som må skiftast. Materiale er bestilt, og arbeidet er prioritert. I mellomtida er lekkasjen midlertidig utbetra. Det er lang leveringstid på varer, og det er derfor vanskeleg å oppgje nøyaktig tidspunkt, men håpet er å komme i gang innan ei veker tid.

3. Kjell Ove Larsen-uavh.:

Får kommunen sine heimesjukepleiarar delt utgifter til nye skor og evt andre klede som vert tilsølte eller øydelagde på arbeid? Til dømes opplever heimesjukepleiarar at skor er vortne tilgrisa med avføring ved stell av eldre og uføre. I andre etatar får ein som regel både verneskor og anna arbeidstøy.

Svar frå ordførar:

Det er rutinar for tilsette at dei skal nytte arbeidstøy og skoovertrekk når dei går inn til tenestemottakarar. Uniform med bukse og kittel er tilgjengeleg på arbeidsplassen. I situasjonar der det blir utført stell og prosedyrar som krev ekstra beskyttelse,nyttar dei tilsette stullefrakkar utanpå uniformen. Det er rutine for å gje erstatning for privattøy og sko dersom arbeidstakar i jobbsituasjon har fått øydelagd dette.

4. Aasmund Karlsen-uavh.:

Kor mykje kostar ein sengepost på Helsehuset og kor mykje kostar ein sengepost på sjukehus i Bergen? Kor mange sengeposter er det på Helsehuset? Var ikkje ein av intensjonane med Helsehuset at pasientar kunne få venta på sjukeheims plass i kommunen sin i staden for å verta liggjande på sjukehus i Bergen?

Svar frå ordførar:

Helsehuset har ein sengepost. Det er 6 rom for pasientar på sengeposten og denne er for øyeblikkeleg hjelp døgnplassar i eit interkommunalt samarbeid. Nettobudsjett for 2022 er på 14,3 mill. og av dette er Alver sin utgiftsdel 8,7 millionar. Avtalen med samarbeidskommunane er sagt opp med verknad frå 01.01.2023 - Vedtak KO sak 154/21 møtedato 16.12.21. Vi kjenner ikkje til kva kostnad det er for ein sengepost på sjukehusa i Bergen.

Formålet med øyeblikkeleg hjelp døgntilbod er å unngå innlegging i sjukehus når dette ikkje er nødvendig eller ønskjeleg ut frå ei medisinskfagleg vurdering. Det er ikkje å ta i mot ferdig behandla pasientar frå sjukehus. Viser elles til sak KO 149/22 om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune.

Det overordna målet med Region Nordhordland Helsehus er eit bygg som legg til rette for brukarvenlege, bærekraftige og framtidseretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå.

5. M.Klementsens-uavh:

Er det mogleg å få lys på busstopp på Hestdal? Dei som ventar på buss, og særskilt skuleborn, lyt stå langs vegen i mørkret. Uten refleksvest er ein per i dag ikkje synleg i det heile. Etter at vegen vart utbetra kjem bilar i mykje høgare fart enn før. Før den nye kommunale vegen kom var det lys på busstoppa.

Svar frå ordførar:

Oppsetting av veglys er eitt av temaene som inngår i kommunen sin trafiksikringsplan. Noverande temaplan er sett saman av planane i dei tre gamle kommunane, og tiltaket inngår ikkje der. Arbeidet med den nye trafiksikringsplanen startar i 2023, og skal behandlast politisk. I planprosessen vil innbyggjarane bli invitert til å kome med innspel til trafiksikringstiltak, medrekna spørsmål om veglys. Alle innspel vil då bli vurdert i høve til verknad og konsekvensar. Trafiksikringsplanen blir følgt opp med årlege tiltaksplanar der prioriteringane følgjer budsjettet.

6. Sølvi Knudsen-SP:

Ein er kjent med at biblioteket på Frekhaug skal flytta grunna ombygging. Det vert sagt at biblioteket skal inn i inngangspartiet i kommunehuset på Frekhaug.

Saka reiser fleire spørsmål;

1) Kor tid sa utleigar opp leigavtalen med kommunen?

2) Korleis skal bibliotekenesta organiserast i ei slik kriseløysing?

3) Skal biblioteket på Frekhaug inn i eit av dei nye bygga som er planlagt i senteret?

4) Kor lang tid skal biblioteket på Frekhaug vera utan tilfredstillande lokaler?

Svar frå ordførar:

Avtalen gikk opphavleg ut 2021, og har vore forlenga for 2022 i påvente av avklaring om nye lokale og kostnad. Kommunen fekk endeleg tilbod i september i år. I tidlegare dialog var moglegheitene eit lokale på dagens storleik, kring 400m², eller eit noko større på 650m². Det endelege tilbodet i september var for eit lokale på over 800m². Saman med betydeleg auke i kvadratmeterpris vart det konkludert i oktober at kostnaden ville bli for stor.

For den mellombelse løysinga på kommunehuset på Frekhaug skal biblioteket i vekedagar ha betent utlån i skranke i den tidlegare resepsjonen, og magasinfunksjonar i kjeller. Nærmare detaljar om beteningstider er under planlegging, og vil bli opplyst om så snart det er klart. Flytteprosessen er omfattande med mellom anna 27 000 bøker og store mengder inventar, og krev mykje av våre bibliotekarar og driftstenester. Arrangement og faste tiltak vil finne stad på BUA-loftet på Frekhaug og på Meieriet. Bokbussen vil fortsetje sine ruter på Holsnøy. Nokre kontorfunksjonar vil flyttast mellombels til Knarvik.

Det er ikkje andre kjende tilgjengelege lokale på Frekhaug anna enn på kommunehuset. Kommunen ser mot areala i kommunehusets første etasje ut mot Frekhaug torg, men desse er for tida utleigd og i bruk. Ein må pårekne at det er opp til to år før ein kan reetablere eit regulært bibliotektilbod på Frekhaug. Dersom biblioteket skulle inn i nybygget på Frekhaug Torg, ville dette også medført eit mellombels tilbod i byggeperioden, men ein har altså ikkje kunne endeleg konkludert på detaljane før i oktober i år.

160/22: Notat - busetting flyktingar

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Framlegg frå K.Floen-AP:

Kommunestyret viser til notat om busetting av flyktingar utover busettingstalet for 2022 og gjev si tilslutning til å busetje flyktingar frå Ukraina som har tilknytning til allereie busette personar i kommunen (dette gjeld tilknytning både til familie og vener/sosiale relasjonar). Dette gjeld i tillegg til dei 180 som alt er busette.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 160/22 Vedtak:

Kommunestyret viser til notat om busetting av flyktingar utover busettingstalet for 2022 og gjev si tilslutning til å busetje flyktingar frå Ukraina som har tilknytning til allereie busette personar i kommunen (dette gjeld tilknytning både til familie og vener/sosiale relasjonar). Dette gjeld i tillegg til dei 180 som alt er busette.